

Notat

Dato: 25.07.2016
Arkivsak: 2016/6639-2
Saksbehandlar: biraase

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Svar på spørsmål om streaming av møta i fylkesutvalet

I møteprotokollen etter fylkesutvalet sitt møte 23.06.16 er det under sak PS 187/16 teke inn følgjande:

«**Tom Sverre Tomren (MDG)** bad om at møta i fylkesutvalet vert «streama». Fylkesrådmannen vil i første omgang kome tilbake med informasjon om kostnader.»

Streaming av møta i fylkesutvalet vil vere ressurskrevjande å gjennomføre. Ei slik løysing vil krevje eitt dagsverk frå IT-seksjonen kvar månad, i tillegg til nye investeringar i teknisk utstyr. For dei fylkesutvalsmøta som blir arrangert utanfor fylkeshuset vil ei slik ordning vere vanskeleg å oppretthalde då det set høge krav til fasilitetar som mellom anna linjekapasitet/ bandbreidde i lokalet.

Ei ordning med streaming av møta i fylkesutvalet vil og krevje omlegging av møtegjennomføringa, då det krev at alle som tar ordet vil måtte nytte talarstolen.

Kostnaden ved å kjøpe tenesta eksternt er estimert til mellom kr. 35 000,- og kr. 40 000,- per dag.

Det vil, etter fylkesrådmannens meining, bli for ressurskrevjande, både med tanke på kostnadar og bruk av dagsverk, å innføre streaming av møta i fylkesutvalet. Fylkesrådmannen meiner at omsynet til at møta i fylkesutvalet skal vere opne og tilgjengelege for publikum er godt ivaretatt gjennom dagens ordning.